



Den nye, staselege veteranbilen til Einar Gjertsen.

**Pinseaftan kom det endå ein gammal bil til Uskedalen. Einar Gjertsen supplerte bilsamlinga si med nok eit staseleg, gammalt køyretøy. Det er ein Dodge D 5, firedørs sedan, 1937-modell. Bilen kom på tilhengar frå Florø. Dette er det første Chrysler-produktet som Gjertsen har i samlinga.**

Einar Gjertsen oppdaga bilen på finn.no, og den skulle eigentleg gå til Sør-Trøndelag for å byggjast om til Hot Rod. Det vil seia at den vert kraftig ombygd til nær sagt det ugjenkjennelege. Som den lidenskapelege originalbil-entusiast som Einar er, tok han kontakt med seljar for å unngå dette.

Bilen har ei interessann historie. Den stod mange år lagra i USA. For å bruka midlane til å byggja landet etter krigen, var det forbod mot fri import av bilar. Unntaket frå denne regelen var nordmenn som hadde arbeidet sitt i utlandet, eller seilte på norske handelskip. Slik hadde det seg at to brør frå Dale i Vaksdal kommune, som reiste i utanriksfart, kjøpte denne bilen og tok den med seg til Norge. Det skjedde i 1954. Dei brukte bilen lite då dei fortsette å segla. Bilen stod derfor mykje lagra på ein låve.

Då desse eigarane fall i frå, vart bilen til salgs. Ein kar i Arna kjøpte bilen og sette den i svært god mekanisk stand. Han hadde bilen i mange år, men brukte den ikkje mykje. Han gjorde heile tida forbetringar. Han skifta radiator, sette i fabrikkny motor kjøpt i USA, skifta alt av bremsar, ny bensintank og nye dekk.

Han selde den for eit år sidan til Florø der Einar fann den. Då Einar kjøpte den, kom dei fram til ein pris som både seljar og kjøpar var godt nøgde med.

Einar har no planar om å gjera kosmetiske forbetringar på bilen, men samstundes halda den i original stand. Han skal mellom anna montera ny grill og nye støtfangarar som høyrde med. I tillegg skal han trekkja nytt elektrisk anlegg som også følgde med.

Bilar av denne typen var mykje brukt som drosjar både i 30-, 40- og 50-åra. Grunnen til det er at det var kraftige, solide saker.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat

